

FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I VIK KOMMUNE

Med grunnskulen i Vik kommune forstår ein alle grunnskulane i kommunen.

Fastsett av Rådmann 27.11.2020 med heimel i lov 17.07.1999 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9A-10 og Vik kommune sitt delegasjonsreglement del 2, pkt. 35.

§ 1 Føremål

Alle elevar i Vikjaskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jamfør § 9a i Opplæringslova. Ordensreglementet skal vera med på å skapa eit godt forhold mellom elevar, og mellom elevar, lærarar og andre tilsette. Reglementet skal bidra til å skapa tryggleik, trivsel og respekt, og det skal setja klare grenser for elevane. Forskrifta skal informera elevar og føresette om deira rettar og plikter samt skulen sine plikter, krav og reaksjonsmåtar.

§ 2 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for elevar ved grunnskulen i Vik kommune. Det gjeld i skule- og SFO-tida på skulen sitt område - og på skulevegen / skulebussen - samt ved ekskursjonar, turar og arrangement i skulen sin regi.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar og føresette på foreldremøte, ved digital utsending og på nettsida til kommunen / skulen. Reglementet skal drøftast årleg i elevrådet, FAU, samarbeidsutvalet og på rektormøte. Reglementet skal gjennomgåast med dei tilsette i skulen ved oppstart av nytt skuleår.

§ 3 Orden

Orden gjeld førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats.

Elevane skal:

- *Møte presis til timar og avtalar
- *Møte førebudd til opplæringa
- *Ha med naudsynt utstyr
- *Gjera arbeidet til rett tid og halda fristar
- *Halda orden
- *Vera med på å halda skulen sitt område reint og ryddig



Elevlar som har fått utlånt iPad, skal:

- Ha iPaden med på skulen og sørga for at den er tilstrekkeleg lada til å kunne brukast gjennom heile skuledagen
- Behandla iPaden fint, og alltid ha beskyttelseesdekselet på. Retningslinjer for dette og tap/skade vert lagt som vedlegg til ordensreglementet.

§ 4 Åtferd

Elevane skal syna alminneleg god åtferd.

- behandla medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering m.m.
- inkludera medelevar, syna likeverd og bidra til eit godt læringsmiljø
- retta seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- følgja skulen sine reglar for melding av fråvær
- ta godt vare på skulen sine eigendelar, inkludert personlig iPad
- visa nettvit
- ikkje ta bilete av tilsette og medelevar utan samtykke
- ikkje publisera informasjon som krenkjer einskildpersonar eller grupper
- bruka digitalt utstyr til skulerelaterte aktivitetar i samarbeid med læraren
- ikkje laste ned ulovlig materiale frå Internett slik som pornografisk, rasistisk og anna materiale som er omfatta av norsk lov eller reglelverk for databruk
- banning, slåssing og forstyrring av andre si læring og leik, er å syna manglande respekt og omsyn.
- ein skal ikkje trakassera, diskriminera, krenka eller mobba nokon, korkje fysisk, psykisk, digitalt eller verbalt (ting du seier).
- Det er ikkje tillate å forlata skulen sitt område på eige initiativ i skuletida. Lærar eller rektor kan gje løyve til einskildelevar om å forlata skulen sitt område utan fylgje.

§ 5 Forhold som ikkje vert akseptert

- Skulane i Vik skal vera fri for hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, trakassering og sjikane. Digital mobbing skal ikkje førekomma, uavhengig av om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT-utstyr. Det er uakseptabelt å utøva eller true med fysisk vald.
- Farlig reiskap eller våpen som kan nyttast til å skade andre er ikkje tillate.
- Det er forbode å bruka tobakk, alkohol eller andre rusmiddel på skulen, eller ved arrangement som skulen er ansvarleg for.
- Elevane har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Ved sjukdom skal skulen ha beskjed så raskt som mulig. Skulen skal varsle eleven sine føresette dersom eleven vert borte frå skulen utan at beskjed er gitt. Ugyldig fråvær vert vektlagt når eleven skal vurderast i orden.



§ 6 Elektronisk og digitalt utstyr og digitale rettar

- Alle elever har rett til opplæring og bruk av IKT for å oppnå måla i læreplanen.
- Brukarnamn og passord skal haldast hemmelig og skal berre brukast av den aktuelle eleven.
- Vik kommune avgjer til kvar ei tid kor stor grad av kontroll skulen og eleven skal ha over oppsettet på iPad. Skulen bestemmer når iPad skal leverast attende. iPad / pc er levert med naudsynt programvare. Elevane skal ikkje fjerna eller leggja til programvare eller bruke personleg Apple-ID.
- Personopplysningar skal aldri utleverast.
- Vik kommune er ikkje ansvarlig for tap av data av digitalt utstyr.
- Skulen sine datamaskiner, iPadar og datanettverk skal i undervisningstida berre nyttast i fagleg samanheng.
- Det er ikkje tillate å bruka privat IKT-utstyr utan løyve frå lærar eller rektor.
- Brukarar må ikkje offentleggjera innhald av rasistisk, nazistisk, pornografisk eller på annan måte krenkande karakter, ei heller oppsøkja slike sider.
- Bruk av sosiale medium som Facebook, Twitter, Snapchat, MSN og liknande er ikkje lov utan avtale med lærar og når det er i samband med undervisning.
- Bruk av mobiltelefon er ikkje tillate i skuletida. Dette gjeld frå fyrste time startar 08.30 til siste time er slutt. Regelen gjeld og friminutta. Mobiltelefon skal vera på lydlaus. Den skal ikkje brukast, sjåast på eller høyrast i undervisningstida.

§ 7 Ved brot på ordensreglementet kan følgjande sanksjonar nyttast :

- Munnleg irettesetting
- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Merknad
- Skriftleg melding til føresette
- Bortvisning frå undervisninga i einiskildtimar eller for resten av dagen.
- Bortvisning for lenger tid enn resten av dagen, inntil 3 dagar på 8. – 10. trinn. (opplæringslova § 9 A-11)
- Utestenging/heimsending frå arrangement og turar i skulen sin regi
- Inndraging, for kortare eller lengre tid, av farlege gjenstandar / gjenstandar som forstyrrar undervisninga.
- Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn øvrige elevar i klassen.
- Inndraging av mobiltelefon ved brot på §6, pkt. 10.
- Erstatningsansvar
- Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skade / hærverk som er påført skulen sin eigedom.



- Fråteken rett til å bruka skulen sine datamaskiner og / eller internett for eit bestemt tidsrom.
- Avgrensa opphaldsområde i friminutt og/eller påbod om å vera i nærleiken av ein namngjeven tilsett.
 - Midlertidig eller permanent klassebyte
 - Midlertidig eller permanent skulebyte (Opplæringslova § 8-1)
 - Nedsett karakter i orden og åtferd etter brot på ordensreglementet.
 - Ved bruk av sanksjonar som nemnd i § 7 skal det gjevast melding til heimen.

Ved bruk av vald, særlig provoserande åtferd eller andre grove eller gjentekne brot på ordensreglane, kan elevar visast vekk frå undervisninga. Læraren kan visa vekk elevar frå eiga undervisningsøkt avgrensa til to klokketimar. Læraren kan senda ein elev ut av undervisninga, men ikkje heim. Skulen har, som elles, ansvar for nødvendig tilsyn med eleven.

Fysisk refsing og kollektiv straff er ikkje tillate. Eleven pliktar å overhalde sanksjonar som er lagt. Vert ikkje sanksjonane følgde kan eleven få ytterlegare nye sanksjonar

§ 8. Anmelding av straffbare forhold

Vik kommune melder straffbare forhold til politiet.

Melding til politiet er aktuelt ved ved brot på norsk lov, som for eksempel hærverk, tjuveri, truslar / vald, rasistisk åtferd og oppbevaring eller bruk av kniv / våpen / rusmiddel.

§ 9 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigendom eller utstyr kan eleven og / eller eleven sine føresette bli erstatningsansvarlige. Det same gjeld tap av undervisningsmateriell. I følgje lov om skadeserstatning § 1-2 pkt.2, er føresette erstatningspliktige for skade eleven har gjort. For tida gir lova følgjande retningslinjer:

2. Uansett egen skyld svarer foreldre for skade voldt forsettlig eller uaktsomt av deres barn under 18 år som de bor sammen med og har omsorgen for, med inntil 5.000 kroner for hver enkelt skadevolding.

Ved alle typar skadar eller tjuveri vil det bli ei sak ved skulen der ein undersøker kva som har skjedd og vurderer kvar ansvaret for hendinga ligg.

§ 10 Rettar og plikter for elevar og føresette

- Føresette pliktar å melda frå til kontaktlærer eller rektor om elevar sitt fråvær ved sjukdom utover 3 dagar. Foreldra skal informera skulen ved fråvær så raskt som råd.



- Når det er forsvarleg, kan føresette søkja om fritak frå undervisningsplikta for sine barn i inntil 2 veker. Dei føresette skal sørgja for naudsynt undervisning / opplæring i permisjonstida. (Jfr. opplæringslova § 2 – 11). Søknadsskjema finn ein i Visma Flyt Skole.
- Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker og personlege eigendelar som vert borte i skuletida.
- Eleven er forsikra mot personskade i skuletida og ved reise til /frå skulen, Jfr. forsikringsavtale mellom kommunen og forsikringselskap.

§ 11 Sakshandsaming

Ved bruk av sanksjonar gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen skal syta føre at avgjerda vert teke på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal bli høyrtd i saka av den som tek avgjerda og dersom det er let seg gjera, få muligheit til å gjera opp for seg.
- Avgjerda skal grunngjevast.
- Skulen skal i dei tilfella det vert fatta avgjerd om bortvisning, ha vurdert andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- Føresette til elevar skal varslast før det vert sett i verk bortvisning for resten av dagen.
- Sanksjonane som gjeld klassebyte, skulebyte og bortvisning frå undervisninga skal følgja sakshandsamingsreglane for einskildvedtak i forvaltningslova.

§ 12 Nedsett karakter for ungdomsskuleelevar i orden og/ eller åtferd

For at ein elev på ungdomstrinnet skal gjevast anna karakter enn den beste i orden og åtferd, må det vera gjeven førehandsvarsel i så god tid at eleven har hatt høve til å forbetra karakteren sin. Dette er omtala i forskrift til opplæringsloven § 3-7, 2. og 3. ledd:

"Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd. Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal (...) gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd."

Også dei siste vekene og dagane av et skulehalvår har betydning for karaktersetjinga. Det kan difor førekoma tilfelle der brot på ordensreglementet kjem på eit så seint tidspunkt og/eller er av så alvorleg karakter at eit slikt førehandsvarsel ikkje gjev eleven nokon reell sjanse til å forbetre karakteren.

§ 13 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft frå 1.desember 2020.



§13. Tillegg til felles ordensreglement

Det kan for einskildskular gjerast vedtak om særskilte tillegg til dette felles ordensreglementet. Desse skal orienterast om i eige vedlegg til reglementet.

